



For auka elevengasjement i KRLE 8–10

NYNORSK MAI | 2019

Teikne mandala i gruppe

Innleiing:

Ein mandala er ein geometrisk figur som er heilt symmetrisk kring eit senter. Det er eit symbolsk bilet av kosmos, av alt som finst. Mandalaer vert nytta i meditasjon både i buddhismen og hinduismen, og det å teikne eller lage det er også ei form for meditasjon.

Dersom elevane berre skal kopiere og fargelegge mandalaer, kan det bli litt for lite utfordrande. Her må elevane samarbeide i grupper, og sidan dei må prøve å hugse og forklare mandalaen, kan dei oppnå ei djupare forståing for den.


Tidsbruk: 45 min

Føremål med aktiviteten:

- Få innsikt i mandalaer med praktisk øving
- Bygge samhald i klassen og øve på samarbeid og sosiale ferdigheiter



I eit tempel i Himalaya lagar munkar ein mandala – eit komplisert diagram av farga sand. Etterpå øydelegg dei det for minne seg sjølv på at ingenting i denne verda er varig.
(Henta frå *Store spørsmål* 9)



Store spørsmål – fordjupning og forståing i KRLE

[lærebok](#) | [lærarrettleiing](#) | [lærarnettstad](#) | [elevnettstad](#) | [lydbok](#) | [digitalbok](#)



For auka elevengasjement i KRLE 8–10

Utstyr:

- Ein stor mandala på eit ark – sjå kopiark 1 og 2
- Mindre kopiar til kvar av gruppene
- A3-ark til kvar av gruppene (større ark er også mogleg)
- Gråblyant og viskelêr til kvar gruppe

Framgangsmåte:

Lærar vel ein av dei to vedlagte kopioriginalane av mandala, det er ein enkel og ein komplisert. Begge er tibetanske mandalaer (tantrisk buddhisme). Det går også an å finne ein mandala på eiga hand.

Kopier opp ein stor mandala som utgangspunkt, og mindre versjonar til kvar av gruppene. Del inn i grupper på ca. 4 elevar. Plasser gruppene kvar for seg på ein stor pult, eventuelt fleire pultar sett saman slik at det er plass til å teikne. Del ut eit A3-ark, ein gråblyant og viskelêr til kvar gruppe. Plasser den store mandalaen på ein plass som ikkje er synleg frå der gruppene sit. Dekk til originalmandalaen når den ikkje er i bruk, slik at ingen vert freista til å snike seg til å sjå på den.

Forklar for elevane at dei skal få sjå på mandalaen i ti sekund kvar, utan å ta notat, for så å teikne den saman. Gruppene får så nokre minutt på å tenke ut ein strategi. Éin frå kvar gruppe får komme opp og sjå på mandalaen i 10 sekund (ta tida). Eleven går tilbake til si gruppe, dei får litt tid til å snakke saman og eventuelt skissere og forklare kva dei har sett. Nestemann gjer det same. Når alle elevane har sett mandalaen, teiknar dei den ferdig saman.

Til sist får gruppene delt ut originalen. Klassen kan eventuelt samanlikne kvarandre sine mandalaer og stemme over kven som fekk eit mest likt resultat.


Elevane kan også diskutere om dei løyste oppgåva på eit godt vis. Var det noko dei kunne gjort på eit betre vis? Var det nokon som bestemte meir enn andre? Nokon som teikna meir enn andre?

Dersom klassen har tid, kan elevane fintteikne og fargelegge mandalaen.

I etterkant kan klassen arbeide meir med mandalaer og symbolikken bak.



Mandala (enkel)



Mandala (komplisert)

